


Om beredskap i Vestnes kommune



Januar 2012
Vestnes kommune

Innholdsliste**side 2**

Hovudmålsetting i Vestnes kommune	- 3
Skjematisk ansvarsoversyn for beredskapsarbeidet	- 4
Nærare om ansvar og mynde i kommuneorganisasjonen	- 5
Styringssignal: ”Frå statleg sektorstyring til lokal heilskap”	- 6
Samfunnsrolle og ”ROS-analyser” som verktøy	- 7
ROS-analyser og samfunnsplanlegging. Krisehandtering	- 8

Samfunnstryggleik, krise og beredskap.

Overordna målsetting i Vestnes kommune:

(Kommunestyrevedtak sak 42/ 2004)

1. Hovudmålsetting:

Vestnes kommune har som hovudmålsetting å unngå eller redusere og avgrense følgjene av kriser og uønskte hendingar i lokalsamfunnet.

2. Delmål:

- a) Vestnes kommune skal ta omsyn til samfunnstryggleik, krise og beredskap gjennom å integrere hovudmålsettinga i kommuneplanlegginga.
- b) Vestnes kommune skal vere førebudd på kriser og uønskte hendingar gjennom å bruke risiko- og sårbarheitsanalyser (ROS) i kommuneverksemda.
- c) I ein krisesituasjon skal Vestnes kommune gjennomføre raske tiltak og så langt som råd, halde i gang dei viktigaste tenestefunksjonane med tanke på å sikre liv, helse og verdier.

Nytt lovpålegg frå 01.01.2010:

Frå 1. januar 2010 er det innført ein ny og formell, kommunal beredskapsplikt, ved at den tidligare "Sivilforsvarsloven" endrar namn til

"Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret."


Lova pålegg kvar kommune å gjennomføre

- **ei heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse**

som skal bidra til at beredskapstemaet får eit meir heilskapleg perspektiv. Og der kvar kommune skal kartlegg risikoen for uønskte hendingar, vurdere sannsynlegheita for slike, og korleis dette eventuelt kan påvirke lokalsamfunnet.


Dette beredskapsarbeidet vedkjem alle einingar og fagområde. Det må gjennomførast risiko- og sårbarheitsanalyser på alle nivå. Og det må planleggast tiltak for å møte analyseutfordringane. I sum vil dette utgjere ein "heilskapleg beredskapsplan for Vestnes kommune. Som skal øvast.

Skjematisk oversyn over beredkapsarbeidet i Vestnes kommune:



Samarbeidspartar og premissleverandørar:

Nød-etatane:



Andre:



Nærare om ansvar og mynde i Vestnes kommune

Kommunestyret vedtek overordna mål og retningsliner for alt kommunearbeid som har med samfunnstryggleik, krise og beredskap å gjere.

Formannskapet fører tilsyn med at politiske vedtak blir følgd opp og kan gje retningsliner for arbeidet på tenestenivået med tanke på fagplanar, samordningstiltak etc. i kommunen.

Ordføraren har ansvar for vurdering / revidering av samfunnstryggleik og beredskapsmål. Han/ho har også eit delt kriseleiingsansvar i kommunen.

Administrasjonssjefen skal følgje opp dei overordna måla for arbeidet med samfunnstryggleik- og beredskap på tenestenivået og er mellom anna ansvarleg for å koordinere aktivitetane i kommuneorganisasjonen. Han/ho skal følgje opp dei einskilde driftseiningane og har eit delt kriseleiingsansvar i kommunen.

Kvar einskild driftseiningsleiar og fagansvarleg har delegert ansvar og mynde med tanke på særskilde beredskapsplanar, øvingar og tiltak innan sine definerte ansvarsområde.

Kriseleiinga har delegert mynde til å treffe nødvendig avgjerd om tiltak i ein krisesituasjon. Vestnes kommune si kriseleiing kan ha desse medlemmene: Ordførar, (leiar/delt leiing), administrasjonssjef, (leiar/delt leiing), beredskapskoordinator (sekretær), driftsleiar for Servicekontoret, kommunalsjef(ar), driftsleiar for tekniske tenester, kommuneoverlege, edb-ansvarleg, brannsjef, politiet, soknepresten, leiar i Vestnes Energi a/s (+ ev. andre fagpersonar som kan bli nødvendige.) Vararepresentantar til den kommunale kriseleiinga er tilsette som har den aktuelle funksjonen, alternativt han/ho som administrasjonssjefen peikar ut. Administrasjonssjefen leier det operative arbeidet med tanke på intern organisasjon, medan ordføraren har hovudansvar for den eksterne kriseinformasjonen.

Beredskapsrådet er eit samrådsorgan som i tillegg til medlemmane i kriseleiinga, kan ha medlemmer frå frivillige organisasjonar og forsvar / sivilforsvar. I Vestnes kommune har kriseleiinga t.d. vore supplert med representant frå Tresfjord Røde Kors Hjelpekorps og HV representant.

Beredskapskoordinator er ein fagansvarleg som i hovudsak, og på vegne av administrasjonssjef og ordførar, følgjer opp og koordinerer arbeidet med kriseleiingsplanen og det tverrfaglege beredskapsperspektivet i arbeidet med samfunnstryggleik, krise og beredskap.

Samfunnstryggleik, krise og beredskap.

Statlege styringssignal

Vestnes kommune er ein viktig del av den totale samfunnsberedskapen.

Stortingsmeldingar (m.a. nr.17 2001-2003) og innstillingar til Stortinget (m.a. nr. 9 2002-2003) omhandlar ”Samfunnstryggleik og vegen til eit mindre sårbart samfunn.”

Tre hovudmål for arbeidet blir skissert:

1. Effektiv førebygging av kriser og alvorleg svikt i samfunnskritiske funksjonar.
2. God organisering av samfunnet sitt beredskapsapparat.
3. Effektiv organisering og handtering av kriser.

Stortingmelding nr.39 (2003-2004) og innstillinga til Stortinget nr. 49 (2004-2005) omhandlar temaet ”Samfunnstryggleik og sivilt-militært samarbeid.”

Meldinga behandlar aktuelle tema som: Offentleg organisering og samordning, dei frivillige si rolle og rollene til redningstenesta, brannvesenet, sivilforsvaret, forsvaret, redningshelikoptertenesta, nødmeldetenenesta og status for etablering av eit eige nødnett i Europa. Informasjonstryggleik, klimaendringar, kraftforsyning, transport, terror, maritime tryggingstiltak, og sikring av matvarer og drikkevatt blir også omtala.

Tre viktige hovudprinsipp for organiseringa av arbeidet blir slått fast:

1. *Ansvarsprinsippet*: Den sektoren/eininga/leiaren som har fagansvar i det daglege, har også ansvar for ROS-analyser, skadeførebygging og beredskapstiltak.
2. *Likskapsprinsippet*: Organisasjonen som skal handtere ei krise eller ei ulykkeshending, bør vere mest muleg lik den organisasjonsstrukturen som ein har ved normal drift.
3. *Nærleiksprinsippet*: Kriser bør handterast på lavast, mulege myndighetsnivå.

Pålegg retta mot kommuneverksemda

I kommunen vil arbeidet omfatte:

- Lokale trusselvurderingar og risiko- og sårbarheitsanalyser. (ROS-analyser)
- Førebyggande tiltak og beredskapsomsyn i kommuneplanlegginga.
- Planar for kriseleiing og skadebøting. (Førebudde tiltak i krisesituasjonar.)

Plan- og bygningslova er klår på at det skal takast beredskapsomsyn i arealplanlegginga og at arealbasert risiko skal avdekkast FØR planar kan godkjennast. **Brannlova** pålegg kommunen å utarbeide ROS-analyser og syte for at analysene ligg til grunn for dimensjonering av brannberedskapen.

Andre lovverk pålegg t.d. beredskap mot akutt forureining og sikring av drikkevatt.

Helseberedskap er ein del av lovpålagt planverk for **helsemessig og sosial beredskap**.

Omsorgsberedskap er i tillegg ein eigen delplan til kriseleiingsplanen.

Frå statleg og sektorvis styring til lokal heilskap.

Vestnes kommune er ein del av den totale samfunnsberedskapen der målet er å skape robuste lokalsamfunn og sikre liv, helse og verdiar også i krisesituasjonar.

Alle innbyggjarane kjenner til den lokale og døgnkontinuerlege brannberedskapen, politiberedskapen og helseberedskapen. Det er ei stor samfunnsmessig utfordring å samordne styringa av desse offentlege ”nødetatane” (110)(112) og (113)

Eit samordna og tverrfagleg kommuneperspektiv på ”samfunnstryggleik, krise og beredskap” må også vise kommunale fagplanar og temaplanar med utspring i ulike tenestesektorar og lovverk. Offentlege fagetatar må kjenne sine ulike fag og roller for å kunne handle mest muleg effektivt, men det er og nødvendig å sjå heilskapleg på temaet – for å klargjere kommunen si rolla i den samla samfunnsberedskapen.

Hovudprinsipp - kommunerolle

Det er eit hovudprinsipp i den sivile beredskapen at den eininga eller sektoren som har ansvaret for ei samfunnstenesta – til dagleg - også har hovudansvaret for å ha planar for førebygging og beredskap med tanke på iverksetting av tiltak i krisesituasjonar. Dette hovudprinsippet synleggjer at både kommuneleiinga, driftsleiarane og aktuelle, fagansvarlege kan ha eit definert ansvar for temaet.

Risiko- og sårbarheitsanalyser. (ROS)

Alle beredskapsplanar som skal hindre eller handtere uønskte hendingar i kommunen (ulykker, kriser m.m.), må basere seg på analyser og vurderingar av kvar sårbarheita er størst og kor stor risikoen er. Først deretter kan forslag til førebyggingstiltak og tiltak som kan redusere konsekvensane utredast. Jamvel om sentrale styresmakter legg stor vekt på at alle kommunar skal gjennomføre ROS-analyser og utarbeide planar for samfunnstryggleik, krise og beredskap, er det til no ikkje gjeve noko direkte lovpålegg om dette.

Døme på tema for ROS – analyser:

Trafikktryggleik:

Skulebuss-/bussulykke / påkjørsel av skolebarn / barnehagebarn
Tunnelulykke / større riksvegulykke
Kartelegging av nærare sårbarheit og risiko

Brann-/eksplosjon:

Brann i bygningar / institusjonar, skular, barnehagar, samfunnshus/idrettshallar.
Transport av farleg gods gjennom kommunen + ferjekai (gass, metanol, ammunisjon)
Eksplosjon på bensinstasjon / luftforureining i samband med brann /utslepp

Større båtulykke / ferjeulykke / oljesøl

Kartelegging av nærare sårbarheit og risiko

Ras- og flomutsette område:

Snø- /jord-/leir-/ steinras i bustadområde
Tilsvarande ras som stenger riksveger, fylkesveger og kommunale veger
Kartelegging av nærare sårbarheit og risiko

Anna:

Langvarig straumbrot (over 1 døgn)

Forureining av vasskjelder.

Ulike former for sabotasje / forureining / smittefare.

Høgspentliner / bustadfelt / hytteområde

Kartelegging av nærare sårbarheit og risiko

Vestnes kommune gjennomfører ROS-analyser for å innarbeide god krisehåndteringsevne i samfunnsplanlegginga.

Det inneber å:

1. Setje mål og forplikte organisasjonen gjennom vedtak i styrande organ.
2. Utvikle kartlegging og krisehåndteringsevne gjennom relevante undersøkingar / planar / opplæring / godt utstyr og øvingar i driftseiningane og i den administrative organisasjonen.
3. Utarbeide kriseplanar for situasjonar der den ordinære organisasjonen ikkje er tilstrekkeleg
4. Evaluere og utvikle arbeidet gjennom faste rutinar for ajourhald og revisjon.

Lokal handtering av krisesituasjonar

Fase 1:

Ein god kommuneberedskap føreset at alle driftsleiarar og fagansvarlege følgjer opp arbeidet med samfunnstryggleik, krise og beredskap gjennom lokalt tilpassa ROS-analyser og lokale planar/fagplanar.

Den første fasen av ei hending/akuttkrise/ulykke kjem til uttrykk lokalt, og i denne fasen må driftsleiarane utøve kriseleiingsansvaret åleine. Driftsleiarar og driftseiningar skal vere budde på slike situasjonar. Dei må raskt skaffe seg oversikt over situasjonen og dei må vite korleis dei skal handtere hendinga vidare og kor dei skal vende seg for å få hjelp.

Fase 2:

Ein god og framtidsretta kommuneberedskap i Vestnes kommune føreset at det finst oppdatert krisehåndteringsplanar og rutinar, som er tilgjengeleg nettbasert for einingane i det daglege. Og der driftsleinga kan finne nødvendig rettleiing og opplysningar. For å kunne øve på handtering av slike krisesituasjonar.

Fase 3:

Om driftsleiar eller fagansvarleg er redd for at ei hending/ akuttkrise/ulykka kan utvikle seg til ein meir omfattande og uhandterleg krisesituasjon, skal kommunen si kriseleiing varslast så raskt som råd. Eventuelt i tillegg til varsling av nødetat.

I planen for kommunekriseleiinga går det dessutan fram, at når ei hending/ krise er svært omfattande og den lokale redningssentralen (LRS-politidistriktet) blir etablert, så er det denne eininga (LRS) som både leier og styrer hendingane, inkludert informasjonsansvaret vidare. I slike krisesituasjonar er Vestnes kommune ein av fleire ressursmedspelarar og lokale tiltak må då avtalast med LRS!

Som følgje av risiko- og sårbarheitsanalyser har Vestnes kommune beredskap innan fagområde som plan, brann, og helse/sosial. Kommunen har og retningsliner for planlagt beredskap i driftseiningane.

Og har ein operativ KRISELEIINGSPLAN med ein integrert plandel om kriseinformasjon.

Kriseleiingsplanen har ulike vedlegg og delplanar.